



FYLKESMANNEN I ROGALAND **LANDBRUKSAVDELINGA**

På skattejakt i eige lokalmiljø

Fagleg ansvarleg for dette høgskulekurset har vore Eli-Grete Høyvik. Ho er ei av dei som har arbeidd mest med dette fagfeltet i Noreg og er no knytt til Høgskulen for Landbruk og Bygdenæringar (HLB) som høgskulelektor II. Ho bur i Balestrand i Sogn- og Fjordane og driv saman med familien Ciderhuset www.ciderhuset.no, konsultentselskapet Interplan www.interplan.no og er medeigar og styremedlem i Balholm AS www.balholm.no. Ho har tidlegare halde ei rekkje kurs med tema interpretasjon under mottoet "På skattejakt i Bygde-Noreg".

Samlingsbasert kurs kombi nettundervisning og oppgåveskriving

Studiet har vore samlingsbasert med fire samlingar á 2 dagar i kombinasjon med jobbing på nett, samt oppgåveskriving. Oppstart var i januar med eksamen i juni.

Samlingane denne gongen var på

- Bakkeåno Camping & Gjestegard i Sogndalsstrand i Sokndal kommune og ekskursjonsopplegg i samarbeid med Sogndalsstrand Kulturhotell.
- Utsyn Ungdomssenter på Finnøy i samarbeid med Ryfylke Livsgnist.
- Ognatun Ungdomssenter i Hå kommune og formidling i samarbeid med Jærmuseet og Jærgarden Kvalbein
- Sjøya Gardsutsal og Hytteutleie i Gjesdal.

Dette er alle plassar og hos folk som har mykje å lære frå seg når det galdt formidling/interpretasjon av skattane i naturen og kulturarven vår. Så ein stor takk til alle som var med å styrkje læringa vår og medverka på andre måtar til at kurssamlingane blei så vellukka.

Studiet eignar seg for "alle"

Studiet hadde nettopp som mål å setje deltakarane i stand til å finne ressursar på eigen gard eller i eiga bygd og foredle desse til besøksopplevingar som i neste omgang kan bli økonomisk berekraftige produkt. Studiet har difor vore sær relevant for bedrifter innan gards- og bygdeturisme, men også "Inn på tunet"-tilbydarar har hatt stor nytte av kurset. Til dømes der garden blir nytta i pedagogisk samanheng. Studiet eignar seg vidare for rettleiarar som treng slik kunnskap i arbeidet med bygdeutvikling og næringsutvikling. Generelt trur vi alle som driv med informasjon og formidling av noko slag vil kunne ha stor nytte av dette kurset, som til dømes lærarar, museumspedagogar og til og med fylkesmannsbyråkratar.

Kreativiteten blomstra

Undervisninga på samlingane var ei fin blanding av førelesingar, øvingar og ekskursjonar, og der kreativiteten til deltakarane blei stimulert på alle tenkelege måtar. Det var interessant å sjå kor kreative folk kunne vere når dei fekk jobba saman i grupper der dei var trygge på kvarandre og hadde det moro i saman. Dei gode ideane kom berre trillande på rekkje og rad og overgjekk kvarandre.

Skriving av prosjektoppgåve var obligatorisk på kurset og måtte vere vere bestått før ein kunne gå opp til eksamen. Ei slik oppgåve er eit godt høve til å ta fatt i ein ressurs som treng kreativ utvikling og gjennomarbeiding – noko som i neste omgang kan bli eit nytt opplevingsprodukt i eige nærmiljø.

Her er nokre døme på oppgåvetitlar som og seier noko om iderikdomen i studentgruppa:

- Planlegging for interpretasjon i bygda B med tema: "Utesong og kongleromantikk"

- Som perler på ei snor..... om jonsokfeiring i bygdene langs Hardangerfjorden
- På helgetur der det er lov å vere gut
- Padling får fram urinnstinktene i oss
- Selskapslivet i gamle dagar vart behørig fotografert! – Du kan sjølv bli del av ei anna tid!
- Interpretasjon på økologisk vis

Meir informasjon om studiet

For meir informasjon om studiet, kontakt *Bjørn S. Berg*, Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga, tlf 51 56 89 93 eller mob. 905 62 906 , e-post bjorn.s.berg@fmro.no eller *Eli-Grete Høyvik*, HLB/Interplan tlf 90 83 56 73, e-post egh@interplan.no